

Innkalling til møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Møtetid: onsdag 22. mai 2019 kl. 12.15

Stad: Seminarrom 217, HF-bygget

Desse er kalla inn:

Frå gruppe A: Ludmila I. Torlakova (arabisk), Lene M. Johannessen (engelsk), Øyvind Gjerstad (fransk), Marco Gargiulo (italiensk), Benedikte Mosby Irgens (japansk), Hildegunn Lahlum Helness (Nasjonale prøvar), Guowen Shang (kinesisk), Ingunn Lunde (russisk), Miguel Angel Quesada Pacheco (spansk), Birger Solheim (tysk).

Frå gruppe B: Gunn Inger Sture

Frå gruppe C: Gita Rongevær

Frå gruppe D: Adam Dean, Anders Olderkjær Samland, Julie Strandheim, Oda Kristine Westad.

Dersom nokon ikkje kan møta, må dei be vararepresentant om å stilla for seg.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2 – godkjenning av referatet frå rådsmøtet 20. mars 2019

Referatet vart sendt ut med e-post 12. april, og det har ikkje kome inn merknader.

Sak 3 – orienteringssaker

Sak 4 – Budsjettbrev og revisjon av bemanningsplanen ved fakultetet

Instituttet skal melda inn behov i det årlege budsjettbrevet til fakultetet innan 21. juni. Samstundes skal fakultetsstyret drøfta ein revisjon og ei utviding av bemanningsplanen for fakultetet fram til 2024. Dei to sakene – budsjettbrev og bemanningsplan – heng saman, sjølv om bemanningsplanen ser lenger framover i tid, og det er derfor naturleg å drøfta desse to saman. Bemanningsplanen skal gjelda for 2020-2024 og legg rammene for kor mange tilsette vi får ha på det enkelte fag i neste femårsperiode.

Den noverande bemanningsplanen ligg på

https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/revidert_faglig_bemanningsplan_2018-2022_0.pdf.

Andre vedlegg til saka:

Brev frå fakultetet «Budsjett 2020 – med innspill frå institutt og sentre», med vedlegg 2
Oversyn over kjende avgangar ved fakultetet 2020-2024

Sak 5 - Ymse

Åse Johnsen,
instituttleder

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef